

**Etne kommune**  
**SAKSUTGREIING**

| <b>Utval</b> | <b>Møtedato</b> | <b>Saknr</b> | <b>Saksh.</b> |
|--------------|-----------------|--------------|---------------|
| Formannskap  | 01.02.2011      | 006/11       | ELH           |

|   |                     |                                  |
|---|---------------------|----------------------------------|
| <b>Sakshandsamar:</b><br>Elling Hetland | <b>Arkiv:</b> N-654 | <b>Arkivsaknr:</b><br>2011000110 |
|---|---------------------|----------------------------------|

**UTTALE TIL ORDNINGA OM ELSERTIFIKAT TIL SMÅKRAFTVERK**

**Vedlegg i saka:**

Brev frå Småkraftforeninga datert 22.12.2010

**Utrykte saksdokument:**

Høringsnotatet finnes her:

<http://www.regjeringen.no/upload/OED/pdf%20filer/Høringer/Elsertifikater/Hoeringsnotat.pdf>

**Saksgang:**

Formannskapet

**Utskrift til:**

Olje- og Energidepartementet, Postboks 8148 Dep, 0033 OSLO  
Småkraftforeninga, Boks 123, Lilleaker, 0216 OSLO

## **SAKSUTGREIING:**

### **1. Kva saka gjeld:**

Uttale til ordninga med Elsertifikat og etablering av felles svensk – norsk marknad

### **2. Bakgrunn for saka:**

Regjeringa la 8. desember 2010 fram lovforslag om å etablere ordning med Elsertifikat. Småkraftforeninga har vendt seg til kommunane og bedt kommunane om å uttale seg til forslaget

### **3. Problemstilling:**

Ein marknad for elsertifikat, eller grøne sertifikat, vil fungera slik at produsentar av fornybar elektrisitet vert tildelt sertifikat tilsvarande energimengda de produserar. I tillegg kan styresmaktene krevja at alle som kjøper straum også må kjøpa ei viss mengde sertifikat. Det oppstår da ein etterspurnad etter sertifikata og dei vil få ein pris. Dette gir ei ekstra inntekt til produsentar av fornybar elektrisitet. Kjøp av sertifikat kan også vera friviljug. Då vil prisen på sertifikata være avhengig av individuelle preferansar.

I eit system med produksjonsstøtte, såkalla "feed-in"-tariffar, avgjer styresmaktene prisen på elektrisitet gjennom tilskota som vert gitt, medan marknaden avgjer kor mykje som byggast ut. I ein marknad med grøne sertifikat, derimot, styresmaktene kor mykje som skal byggast ut, medan tilskotet (sertifikatprisen) vert avgjort i marknaden.

Overgangsordninga omfattar alle kraftverk med byggestart etter 7.9.2009. I tillegg omfattast vasskraftverk med byggestart etter 1.1.2004, og installert effekt inntil 1 MW (mikro- og minikraftverk), av overgangsordninga. Det anslåast at volumet for mikro- og minikraftverk utgjør mindre enn 0,3 TWh. Overgangsordninga gir ein rett til å delta i den felles elsertifikatmarknaden når den startar opp. Tal driftsår fram til oppstartstidspunktet for sertifikatmarknaden vert trekt frå talet år anlegga ordinært kan få sertifikat. Dei anlegga som fell inn under ordninga og eventuelt mottar investeringsstøtte må betala tilbake denne dersom de ynskjer å delta i elsertifikatmarknaden. Det vil i praksis gjelde vindkraftverk og biokraftverk.

Småkraftforeninga peikar på at overgangsordninga også må gjelda for kraftverk bygd i perioden 1. januar 2004 til 7. september med installert effekt over 1 MW.

### **4. Vurdering:**

Den føreslåtte overgangsordninga er grunngeven ut frå ei heilskapeleg vurdering. Det er også fremja synspunkt i forhold til kostnad og konsekvensar for prisen til forbrukarane for å avgrensa overgangsordninga til kraftverk med installert effekt inntil 1 MW.

Dokumentasjon for dette kan ikkje rådmannen sjå er lagt fram og tilrår at Etne Kommune gir uttale til overgangsordninga.

## TILRÅDING FRÅ RÅDMANNEN:

### FØRESLÅTT ORDNING MED ELSERTIFIKAT - HØYRINGSUTTALE FRÅ ETNE KOMMUNE.

Etne kommune viser til brev av 11.05.2010, der me ber regjeringa stå ved løfta om at alle kraftverk som er sett i gong etter 01.01.2004, kjem inn under ordninga med grøne sertifikat. Kommunen tek oppatt denne oppmodinga.

Regjeringa si varsla satsing på fornybar energi er svært positiv. Kommunen ser behovet for klimavennleg energi og framtidretta næring, og er einig med regjeringa i at ei ordning med ein felles svensk-norsk sertifikatmarknad er ein god måte for å skapa grunnlag for ei slik satsing.

I Etne kommune har me allereie lagt til rette for utbygging av fornybar energi og det er bygd fleire småkraftverk med positive verknader for næringslivet i forhold til investeringar.

Rafdal Energi AS vil ikkje komme inn under ordninga. Kraftverket har installert to generatorar på til saman 2,7 MW og investert 24 mill. kr.

Etne kommune ber om at alle kraftverk som er igongsette etter 01.01.2004 kjem inn under sertifikatordninga.

## 01.02.2011 FORMANNSKAP

### F-006/11 VEDTAK: (samrøystes)

Etne kommune viser til brev av 11.05.2010, der me ber regjeringa stå ved løfta om at alle kraftverk som er sett i gong etter 01.01.2004, kjem inn under ordninga med grøne sertifikat. Kommunen tek oppatt denne oppmodinga.

Regjeringa si varsla satsing på fornybar energi er svært positiv. Kommunen ser behovet for klimavennleg energi og framtidretta næring, og er einig med regjeringa i at ei ordning med ein felles svensk-norsk sertifikatmarknad er ein god måte for å skapa grunnlag for ei slik satsing.

I Etne kommune har me allereie lagt til rette for utbygging av fornybar energi og det er bygd fleire småkraftverk med positive verknader for næringslivet i forhold til investeringar.

Rafdal Energi AS vil ikkje komme inn under ordninga. Kraftverket har installert to generatorar på til saman 2,7 MW og investert 24 mill. kr.

Etne kommune ber om at alle småkraftverk som er igongsette etter 01.01.2004 kjem inn under sertifikatordninga.

**Flott utskrift**  
**ETNE KOMMUNE**

STABEN: 02.02.2011

*Eva Wike Hustoft*